



Statens vegvesen

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Behandlande eining: Region vest	Sakshandsamar/telefon: Kristina Ebbing Wensaas / 55516805	Vår referanse: 16/1576-12	Dykkar referanse:	Vår dato: 21.08.2017
------------------------------------	---	------------------------------	-------------------	-------------------------

Kort om føresetnader for trekking av motsegn – Fotlandsvåg – KDP Sjø og strandsone – Osterøy kommune

Vi viser til dialogmøte 18.8.2017. Som avtalt skriv vi ei kort oppsummering av vår vurdering knytt til motsegna vi hadde i planprosessen.

I møtet trakk Statens vegvesen motsegn som vart fremma i vår uttale datert 14.6.2017. Bakgrunnen for dette er at vi no har fått ei forklaring på korleis ein kan løyse utfordringar knytt til parkering og mjuke trafikantar i området. Løysingane tek utgangspunkt i forslag frå Fotlandsvåg grendaråd og inneber parkering i nærleiken av planlagt småbåt- og gjestehamn, samt etablering av eit tilbod for mjuke trafikantar nede ved sjøen (som beskrive i brev frå kommunen datert 7.7.2017, vedlagt).

Statens vegvesen føreset at desse tiltaka vert vidareført når det skal utarbeidast reguleringsplan for småbåt- og gjestehamna. Det viktige for oss er at ein ikkje legg opp til parkering langs fylkesvegen og at ein finn trafikksikre løysingar for mjuke trafikantar.

Vi vil på vanleg måte inkluderast og uttale oss i planprosessen ved ein framtidig reguleringsplan. På det tidspunkt vil vi vurdere om planframlegget ivaretek våre interesser, som blant anna gjeld tilhøva nemnd ovanfor.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Kristina Ebbing Wensaas

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN


Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Vedlegg: 1

Kopi
Osterøy kommune, 5282 LONEVÅG



Statens Vegvesen region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER



16/1576-11

421-1253

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/3495 - 17/14384

Saksbehandlar:

Jostein Klette

jostein.klette@osteroy.kommune.no

Dato:

07.07.2017

Utfyllande informasjon - Lokalisering av småbåthamn i Fotlandsvåg - Kommunedelplan for sjø og strandsone

Vi viser til dykkar brev dagsett 14.06.2017. Saka gjeld uttale til 2. gongs offentleg ettersyn for sjø og strandsone.

Bakgrunn

De viser i dykkar brev til at:

«Foreslått ny lokalisering av småbåt- og gjestehamn i Fotlandsvåg ivaretek ikkje Staten sine interesser når det gjeld trafikktryggleik. I lys av vår rolle som fagstyresmakt med sektoransvar innanfor trafikktryggleik fremjar Statens vegvesen derfor motsegn til planen. Motsegna er avgrensa til å gjelde val av lokalisering for småbåt- og gjestehamn i Fotlandsvåg.

Vi saknar også utfyllande vurderingsgrunnlag når det gjeld trafikktryggleiksrisiko i dei tre alternativa for lokalisering av småbåt- og gjestehamn i Fotlandsvåg.»

I samband med dialogmøte med fylkesmannen 18. august er det i brevet vist til at:

«Frem til eit dialogmøte ønskjer vi at det leggjast fram utfyllande vurderingar som gjeld trafikktryggleik, særskilt om kommunen framleis ynskjer ein anna løysning enn småbåthamn i alternativ 3 og gjestehamn i alternativ 1.»

Med den bakgrunn vil kommunen gje ein utfyllande vurdering av lokalitet 1 for småbåthamn i Fotlandsvåg, med fokus på Statens vegvesen sine merknadar.

Vurdering av trafikktryggleik alternativ 1 - Fotlandsvåg

Statens vegvesen har i sitt brev peika på at alternativ 3, som låg ute til 1. gongs høyring, ikkje vil vera i strid med deira interesser. På den bakgrunn vurderar vi at det ikkje er naudsynt å vurdere trafikktryggleik for dette alternativet.

Areal avsett for parkering er det same for alternativ 1 og 2. Vi vurderar at problemstillingane her vil vera dei same og kan vurderast under eitt.

Post


post@osteroy.kommune.no
Rådhusplassen
5282 Lonevåg

Kontakt

www.osteroy.kommune.no
Telefon 56 19 21 00
Telefaks 56 19 21 01

Konto
Org.nr. 864.338.712

Det er peika på at det i utgangspunktet ikkje er kryssing av vegen av mjuke trafikantar som er utfordrande men parkering av bilar langs vegen for å setje av utstyr og personer som skal til båthamna. Vi vil difor fokusera på problemstillinga knytt til parkering langs fylkesveg.



Figur 1. Syner antatt arealbruk ved småbåthamn i Fotlandsvåg (alt. 1). 1) Parkeringsplass, 2) Kai for passasjerbåt, 3) gangveg på flyteelement langs sjø og 4) område for småbåthamn/gjestehamn.

Det er tenkt lagt til rette for parkeringsplass i kryss mellom veg opp til skule og fylkesveg (1. på figur 1). Denne er etter vår vurdering stor nok til ei småbåthamn med rundt 50 plasser. Avstanden herifrå til småbåthamn er omtrent 30 meter frå parkeringsplass til nedgang til gangveg langs småbåthamn. Dette er så kort at det ikkje skal vera trong for noko parkering langs fylkesveg for å sleppe av personer eller gods. Ved å leggja parkeringsplass så tett inntil småbåthamn vil dette vera med å hindre parkering langs fylkesveg.

Det er lagt opp til at det skal leggjast gangveg på flyteelement (3. på figur 1) langs sjø som både skal fungera som tilkomst til flytebrygger og som gangveg mellom passasjerbåtkai og gjestebrygge innerst i vågen. Gangveg her vil sikre at ferdsel til småbåtanlegget ikkje går langs veg og med det skilje mjuke trafikantar frå bilvegen. Tilkomst til gangveg vil vera innerst i vågen ved gjestehamn og utan ved passasjerbåtkai. Nærleiken mellom tilkomst til gangveg og parkeringsplass gjer at det ikkje vil vera føremålsteneleg å parkera langs fylkesveg.

Eit anna moment er at vegbreidda langs fylkesvegen er så smal at det ikkje er råd å passera parkerte bilar, noko som gjer at det i seg sjølv ikkje vil vera aktuelt å parkera langs dette strekket. Unntaket er innerst i vågen og ved tenkt passasjerbåtkai. Det bør kunne setjast forutsetningar i planarbeidet vidare slik at dette

ikkje vert nytta til parkering og med det negativ verknad for trafikktryggleik. Ettersom dette er fylkesveg har kommunen få verkemiddel. Vi meiner imidlertid at dette kan løysast i dialog mellom kommunen som planstyresmakt og vegstyresmakt.

Med helsing

Jostein Klette
planleggjar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN

Mottakar:

Statens Vegvesen region vest

Askedalen 4

6863

LEIKANGER